

Plan Måltrastena 2017

Våren 2017 vil i hovudsak gå med til prosjektet: «No kjem ein vals» Johannes Kleppevik i ord og tonar, saman med songkoret Spleis. Det er planlagt 2 konsertar i april, og Meland Kommune har løyvt midlar til sjølve prosjektet.

Ved sida av jobbinga med Kleppevikprosjektet, vil Måltrastena halda ved like konserten: «Eg ser inni augo dine» som me hadde i Nordgardsløa i november 2016. Dette var ei samling av songar med tekstar av kjende nynorsklyrikarar, kombinert med diktlesing. Konserten var inspirert av NRK-serien «Dikt og forbannet løgn», og vart svært godt motteken. Me vil tilby konserten til mållag og andre i nabokommunar, og tenkjer også å setja konserten oppatt her i Meland.

Meland Mållag er 100 år i år, og Måltrastena er 20 år. Dette skal markerast hausten 2017, og me er i gang med planlegginga allereie for ei stor kulturell markering.

Deltaking på adventstreffet til Meland Mållag 1. søndag i advent er ein tradisjon, og markerer avslutninga på dette songåret.

1/3-2017

Kristine Fluge

Dirigent